



Fløysand VA
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2657 - 17/8570

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad på GBNR 52/59 - Kårbøneset

Administrativt vedtak. Saknr: 116/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 31.10.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 03.04.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/59 på Kårbøneset. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleiding som er lagt fram til Kårbøneset hyttegrennd. Denne leidingen vart godkjent etablert 07.11.2016 i sak DNT.368/2016. Det ligg føre dokumentasjon som syner at at eigedomen gbnr 52/59 har rett til dette.

Vurdering:

Eigedomen har godkjent utslepp gjeve i sak DNT.114/2017.

Naudsynte erklæringar ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring , jf pbl § 23-3.

Vedtak

««Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 52/59 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 31.10.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 03.04.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn

kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar , jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart

Kopi til:

Helge Furnes Samuelsen
Tom Pedersen

Herman Grans vei 5162
17 A

LAKSEVÅG

Mottakere:

Fløysand VA

Fløksand 5918

FREKHAUG